



Møtebok for Teknisk utval

Møtedato: 23.08.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00 - 18:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Ørjan Daae	Frp	Medlem
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Fungerande teknisk sjef Roald Kvingedal som førte møteboka og fagkonsulent Ottar Myrtveit.

Sakliste

Saknr	Tittel	
015/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 04
016/2016	Godkjenning av møtebok	s. 05
017/2016	Godkjenning av bestandsplanområde for hjort i 2016 - 2018 for deler av Masfjorden og deler av Lindås kommune	s. 06
018/2016	Høyringsuttale - søknad om utviding av anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet Leirvika i Masfjorden kommune.	S. 10
019/2016	Høyringsuttale - Søknad om utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund, AK 11	s. 14
020/2016	Uttale - søknad om løyve til oppdrett av makroalgar på lokalitet Leirvika i Masfjorden kommune	s.17
021/2016	Delegerte saker	s. 20
052/2016	Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - gbnr 19/34, Molland	s. 20
053/2016	Melding om delegert vedtak - dispensasjon - oppføring av badestamp og badstue - gbnr 50/91, Stordalen	s.21
071/2016	Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - gbnr 38/66, Sørkvingo	s. 22
066/2016	Melding om delegert vedtak - oppføring av hytte - gbnr 36/1, 2, 3, 4, Kvingedal	S. 23
063/2016	Melding om delegert vedtak - oppføring av hytte - gbnr 36/1-4, Kvingedal	s. 24
060/2016	Melding om delegert vedtak - rammeløyve og igangsetting – ledninganlegg, buffertank og grunnvassbrønner - gbnr 28/45, Andvik	s. 26
078/2016	Melding om delegert vedtak - tiltak utan ansvarsrett - tilbygg stue – gbnr 44/27, Solheim	s. 27
076/2016	Melding om delegert vedtak - utslepp av sanitært avløpsvatn - gbnr 33/11, Elvik ..	s. 27
080/2016	Melding om delegert vedtak - utsleppsløyve frå fritidsbustad - Solheim – gbnr 44/3	s.28
081/2016	Melding om delegert vedtak - Adressetildeling - gbnr 37/26	s. 28
069/2016	Melding om delegert vedtak - Deling av grunneigedom - bustadtomt nr. 8 Duesundøy - gbnr 18/9	s. 28
077/2016	Melding om delegert vedtak - bygging av basseng innbygd i terrassen - gbnr 34/1/1, Hope	s. 29
073/2016	Melding om delegert vedtak - hus nr 2 på garden - gbnr 47/1, Haugsvær	s. 29
075/2016	Melding om delegert vedtak - løyve til frådelling av tre bustadtomter på gbnr 32/2,6 Kvamme	s. 31
051/2016	Melding om delegert vedtak - oppføring av annekst - søknad om dispensasjon - gbnr 60/1, Kjekallen	s. 31
054/2016	Melding om delegert vedtak - oppføring av hus nr 2 på garden gbnr 37/2 Nordkvingo	s. 32

067/2016	Melding om delegert vedtak - reparasjon av eksisterande kai - gbnr 18/16, S. 34 Duesund
057/2016	Melding om delegert vedtak - Søknad om dispensasjon for 3 tomter til bustadføremål, gbnr 32/2,6 Kvamme s. 35
050/2016	Melding om delegert vedtak - Søknad om dispensasjon for arealoverføring gbnr 28/3 Andvik s. 35
056/2016	Melding om delegert vedtak - Søknad om konsesjon og deling av grunneigedom, gbnr 36/1-4 og 37/1-11, 14 og 16 Blådalselva S. 35
072/2016	Melding om delegert vedtak - telttak på to kar - Sør-Kvingo s. 35
059/2016	Melding om delegert vedtak - tilbygg fritidsbustad - gbnr 35/8, Mjanger s. 36
055/2016	Brufeste for bru over Masfjorden- byggje - og deleforbud s. 37
062/2016	Melding om delegert vedtak - bygging av garasje og bod - gbnr 20/58, Reknes .. s. 38
079/2016	Melding om delegert vedtak - tilkopling til kommunal avlaup, gbnr 47/1, Haugsvær s. 38
061/2016	Melding om delegert vedtak - to nye terrassedører og ny terrasse - gbnr 37/24, Sørkvingo s. 38
070/2016	Melding om vedtak. Dispensasjon for deling av gbnr. 6/9 til pumpestasjon S. 38
074/2016	Melding om vedtak. Dispensasjon for deling av gbnr. 6/9 til pumpestasjon s. 39
065/2016	Melding om vedtak. Dispensasjon frå LNF-føremål til bustadtomt gbnr. 11/2 Birkeland s. 39
068/2016	Søknad om deling av grunneiendom/oppmålingsforretning på tomt 8 – Duesundøy - gbnr 18/9 s. 39
064/2016	Søknad om deling av grunneigedom - gbnr 11/2 s. 39
022/2016	Referatsak s.40
1	Søknad om tilskot frå fiskefondet

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE - 033	16/642

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Teknisk utval - 015/2016

TU - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE - 033	16/642

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Journalposttittel

Protokoll - Teknisk utval - 10.05.2016

Dato

30.05.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Teknisk utval - 016/2016

TU - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Møtebok frå teknisk utval 10.05.16 vert godkjend.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K46	16/553

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Godkjenning av bestandsplanområde for hjort i 2016 - 2018 for deler av Masfjorden og deler av Lindås kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad godkjenning BPO Lindås_Masfjorden	17.08.2016
BESTANDSPLAN Lindås_Masfjorden 2016-2018	17.08.2016
Innmeldingsskjema Lindås_Masfjorden	17.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bestandsplan Masfjorden-Lindås 2016-2018	20.04.2016
Søknad om godkjenning av BPO Lindås-Masfjorden	20.04.2016
Brev til rådmenn i Masfjorden og Lindås	20.04.2016
Informasjon skiping BPO Masfjorden – Lindås	20.04.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av hjorteviltforskrifta sin § 17 framlegg til bestandsplan for hjort i Masfjorden og Lindås kommune dagsett 20.04.2016.

Rådmannen får fullmakt til å framforhandla avtale med Lindås kommune om vertskommunesamarbeid. Denne må vedtakast i begge kommunestyra. Jf. kommunelova sin § 28-1e.


Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Leiar i Masfjorden og Lindås bestandsplanområde, Tor Roger Romarheim har i brev dagsett 31.05.2016 til både Masfjorden og Lindås kommune skrive at han ønskjer at Masfjorden tek opp saka om godkjenning av felles bestandsplanområde for hjort kalla bestandsplanområde 40. Det dekker sørsida og indrefjorden og indre delar av Lindås kommune. Masfjorden har

vore invitert inn til å delta i felles bestandplanarbeid for forvaltning av hjort. Vidare viser han til at all nødvendig informasjon finn ein i bestandsplanen. Området femjar om 26 vald i Masfjorden og 20 vald i Lindås kommune. Det er 11 vald i Masfjorden og 11 vald i Lindås som har skrive under på innmeldingserklæring.

Sjølve bestandsplanen skal gjelda i perioden 2016 til og med 2018 og dekker området som er vist på kart nedunder:



I planen er følgjande mål formulert for hjorteforvaltninga:

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å framleis jobbe for stabilisering av hjortestammen. Dette skal gjerast innafør berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetning om ei forutsigbar bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga og andre samfunnsinteresser.

Delmål:

- Halde på det gode kjønnsforholdet som er i bestanden, målt i sett kolle per bukk
- Legge til rette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Halde på produktivitet i bestanden, målt i kalv per kolle

Planen er ellers identisk i si form med bestandsplanen for Masfjorden-Gulen, som vart godkjent i kommunestyremøte den 18.06.2015, sak 044/2015.

Ein syner vidare til hjorteviltforskrifta sin § 17 om bestandsplanområde og bestandsplanar over kommunegrenser, og litt om regelverket knytt til denne paragrafen og elles i

Vurdering:

Ved å godkjenna bestandsplanen vil ein kunna få på plass eit meir grunneigarorientert engasjement og samarbeid knytt til hjorteviltforvaltninga innanfor dette store bestandsplanområdet, som ligg

både i Lindås og Masfjorden. Det kan gje grunneigarane i dette store området eit sterkare eigarskap til viktige beslutningar knytt til både hjortebestandsmål og korleis desse kan oppfyllast. Ei måloppnåing her vil i stor grad vera avhengig av arbeidet som skjer i og rundt styret til Masfjorden-Lindås bestandsplanområde.

Lindås kommune v/vilforvaltar Nils Kålaas har i brev av 20.04.2016 gjeve Masfjorden kommune fullmakt til tildeling av løyver administrativt og saka vil verta teken opp politisk snarast no i haust. Lindås kommune må da godkjenna at Masfjorden kommunen administrerer tildelinga for dei valda som har skrivne under på innmeldingserklæring. Om dette ikkje vert gjort må tildelinga skje i Lindås kommune som før.

I hjorteviltforskrifta sin § 18 står det m.a. følgjande om tildeling av fellingsløyver i godkjente vald og innanfor godkjente bestandsplanområde.

«§ 18.Fellingstillatelse for elg og hjort

Kommunen tildeler årlig fellingstillatelse for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifikasjon på alder og kjønn, og avskytningen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald»

Det betyr at innanfor bestandsplanområdet, og for dei valda som skiftleg har meldt seg inn i planområdet, vert tildelinga til dei einskilde valda gjort av styret i bestandsområdet etter at kommunen først har gjeve fellingsløyve i samsvar med godkjent bestandsplan. Eiga sak om administrativ samarbeidsavtale må framforhandlast, og deretter leggjast fram for kommunestyra i begge kommunae, for å verta gjeldande. Det vert her vist til kommunelova sin § 28-1e.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner bestandsplanen som no ligg føre, og at ein får fullmakt til å framforhandla samarbeidsavtale med Lindås kommune om hjorteforvaltninga i dette området.

Rådmannen rår til at det i medhald av kommunelova sin § 28-1e vert inngått ein samarbeidsavtale med Lindås kommune der Lindås overfører mynde i medhald av hjorteviltforskrifta sin § 17, og viser til avtale. Avtalen vert gjort gjeldande så snart begge kommunestyra har godkjent denne.

Teknisk utval - 017/2016

TU - behandling:

Utvalsleiar John Torsvik og Ottar Myrtveit orienterte og saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner i medhald av hjorteviltforskrifta sin § 17 framlegg til bestandsplan for hjort i Masfjorden og Lindås kommune dagsett 20.04.2016.

Rådmannen får fullmakt til å framforhandla avtale med Lindås kommune om vertskommunesamarbeid. Denne må vedtakast i begge kommunestyra. Jf. kommunelova sin § 28-1e.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U43, TI - &13	16/536

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Høyringsuttale - søknad om utviding av anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet Leirvika i Masfjorden kommune.

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Uttale til søknad om utviding av anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 13699 Leirvika Engesund Fiskeoppdrett AS	06.07.2016
Fiskeriinteresser Leirvika	06.07.2016
Fråsegn utviding Engesund i Masfjorden	15.08.2016
Brev til Masfjor	20.06.2016
Brev til sektormynde	20.06.2016
Oversendingsbrev med underskrift	20.06.2016
Rapport nr. 1275-2015. MOM-B Leirvika EF 4 februar 2015	20.06.2016
Søknadsskjema med underskrift	20.06.2016
50000 kartvedlegg	20.06.2016
7900 kartvedlegg	20.06.2016
3700 kartvedlegg	20.06.2016
Tillatelse til u	15.08.2016
Kartvedlegg - Lokalitetsnr 13699 - Leirvika - Masfjorden kommune - Hordaland fylke	15.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Leirvika, AK 4, vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Leirvika.

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafør området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 4 for Masfjorden kommune.

Grunngjeving: Masfjorden kommune meiner ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til tidlegare uttale i frå Fylkesmannen i Hordaland av 30.03.2016, der dei ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn, ved Ådnekvamme, Ak 13.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har den 26.05.2016 mottatt søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Leirvika. Masfjorden kommune skal vurdere søknaden og legge søknaden ut på offentleg ettersyn.

Uttale

Søknaden er lagt ut for gjennomsyn på kommunehuset, Masfjordnes, i tida 24.06 – 22.07.2016, og på heimesida Masfjorden.kommune.no

Det er kome inn 1 merknadar til saka. Vedlegg til saka.

Naturvernforbundet Nordhordland.

Høyring

Masfjorden kommune har fått kopi vedtak frå:

Kystverket, Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget.

Fakta

Søknaden gjeld søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13699, Leirvika i Masfjorden kommune AK4 i Arealdelen til kommuneplanen. Engesund Fiskeoppdrett AS søker om løyve på lokaliteten Leirvika til auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå 780 tonn til 1560 tonn. Eksisterande anlegg på lokaliteten ligg i den sørvestlege delen av akvakulturområde i kommuneplanen og om lag i lengderetning sørvest – nordaust. Selskapet søker no om å flytta og plassere anlegget i den søraustlege delen av akvakulturområdet (sjå kart under). Engesund Fiskeoppdrett AS har fått tilsegn frå Fiskeridirektoratet om forskingsløyve for integrert produksjon av laks og tare dyrking. Tilsegnet er gitt for lokaliteten Laberget, men det er no søkt om å få knyta forskingsløyve til lokalitet Leirvika. Det er også nyleg søkt Nærings- og Fiskeridepartementet om løyve til å dyrke tare på lokalitet Leirvika, der løyve til tare dyrking er ein føresetnad for klareringa av den same lokaliteten til forskingsløyve for laks. I påvente av ferdig handsaming av søknaden om tare dyrking søker Engesund Fiskeoppdrett AS no opp lokalitetsbiomassen til 1560 tonn for H-FJ-10 og H-FJ-23, og når tare løyve er gjeve, og Fiskeridirektoratet og godkjenner lokaliteten for integrert produksjon av laks og tare dyrking, vil verksemda søkje om å få knytt forskingsløyve til lokalitet Leirvika.

Akvakulturproduksjonen i Hordaland



Figur 2: Akvakulturproduksjon per arealeining i nokre fjordar og fjordområde i Hordaland. Produksjonstala er estimert ut frå tildelt MTB.

Vurdering

Rådmannen viser til mottatt søknad 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund.

Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget.

Viser til tidlegare uttale i frå Fylkesmannen i Hordaland av 30.03.2016, der dei ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn, ved Ådnekvamme, Ak 13.

Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland brev av 30.03.2016: *Den negative utviklinga i oksygenivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.*

Konklusjon

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utviding av produksjonen på lokalitet Leivika vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Teknisk utval - 018/2016

TU - behandling:

Utvalsleiar John Torsvik og fungerande teknisk sjef Roald Kvingedal orienterte og saka vart drøfta. Masfjorden kommune ynskjer att Fylkeskommunen tar ei samla vurdering av Fensfjordbassenget med tanke på fiskeoppdrett. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Leirvika, AK 4, vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utvidning av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Leirvika.

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 4 for Masfjorden kommune.

Grunngjeving: Masfjorden kommune meiner ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til tidlegare uttale i frå Fylkesmannen i Hordaland av 30.03.2016, der dei ikkje godkjenner utvidning av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn, ved Ådnekvamme, Ak 13.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U43, TI - &13	16/460

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Høyringsuttale - Søknad om utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund, AK 11

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Høyringsuttale	11.08.2016
Merknad til utviding av oppdrettslokalitet ved Duesund	02.08.2016
1450 kartvedlegg	27.05.2016
9100 kartvedlegg	27.05.2016
50000 kartvedlegg	27.05.2016
Søknadsskjema me	27.05.2016
HFK følgjeskriv til Masfjorden kommune	27.05.2016
HFK følgjeskriv til sektormynde	27.05.2016
Oversendingsbrev med underskrift	27.05.2016
Fråsegn utviding Engesund i Masfjorden	02.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Duesund, AK 11 vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund.

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 11 for Masfjorden kommune.

Grunngjeving: Masfjorden kommune meiner ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til tidlegare uttale i frå Fylkesmannen i Hordaland av 30.03.2016, der dei ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn, ved Ådnekvamme, Ak 13.

Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland: Den negative utviklinga i oksygennivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.

Saksopplysningar:

Bakgrunn


Masfjorden kommune har den 26.05.2016 mottatt søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund. Masfjorden kommune skal vurdere søknaden og legge søknaden ut på offentleg ettersyn.

Uttale

Søknaden er lagt ut for gjennomsyn på kommunehuset, Masfjordnes, i tida 24.06 – 22.07.2016, og på heimesida Masfjorden.kommune.no

Det er kome inn 3 merknadar til saka. Vedlegg til saka.

Fakta Søknaden gjeld søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune AK11 i Arealdelen til kommuneplanen. Selskapet søker om løyve til å plassere anlegget lenger mot nordvest, innanfor akvakulturområde i arealplanen. Anlegget vil bestå av 4 stykk firkantbur (40x40 m) på ei rekke, samt ein forflåte som er tenkt plassert i den nordaustre delen av anlegget. Endra utforming og justert plassering medfører at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Samla overflate areal for anlegget vil vera omlag 8 dekar. Kartet under syner omsøkt arealendring for lokalitet 11644 Duesund. Verksemdene søker om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå 780 tonn til 1560 tonn. Ein auke på 780 tonn.



Akvakulturproduksjonen i Hordaland

Samlet sjøareal (vannregion Hordaland)	4 383 km ²
Samlet produksjon	220 000 tonn
Gjennomsnittlig produksjon	50 tonn/km ²
<u>Produksjonen i noen av fjordene våre</u>	
Hardangerfjorden	56 tonn/km ²
Masfjorden	95 tonn/km ²
Byfjorden / Osterfjorden/ Sørfjorden	73 tonn/km ²
Vannforekomsten Sørfjorden	> 200 tonn/km ²

Figur 2: Akvakulturproduksjon per arealeining i nokre fjordar og fjordområde i Hordaland.

Produksjonstala er estimert ut frå tildelt MTB.

Vurdering

Rådmannen viser til mottatt søknad 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund.

Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget.

Viser til tidlegare uttale i frå Fylkesmannen i Hordaland av 30.03.2016, der dei ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn, ved Ådnekvamme, Ak 13.

Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland brev av 30.03.2016: Den negative utviklinga i oksygenivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.

Konklusjon

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Duesund vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Teknisk utval - 019/2016

TU - behandling:

Utvalsleiar John Torsvik og fungerande teknisk sjef orienterte og saka vart drøfta.

Masfjorden kommune ynskjer att Fylkeskommunen tar ei samla vurdering av Fensfjordbassenget med tanke på fiskeoppdrett.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Duesund, AK 11 vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Duesund.

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innfor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 11 for Masfjorden kommune.

Grunngjeving: Masfjorden kommune meiner ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belastning på resipienten i fjordbassenget. Viser til tidlegare uttale i frå Fylkesmannen i Hordaland av 30.03.2016, der dei ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn, ved Ådnekvamme, Ak 13.

Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland: Den negative utviklinga i oksygenivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U43	16/523

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Uttale - søknad om løyve til oppdrett av makroalgar på lokalitet Leirvika i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om tillatelse til akvakultur av makroalger på lokalitet Leirvika i Masfjorden kommune	13.06.2016
Vedl7MOMBLEirvika	13.06.2016
Engesund tare Leirvika	13.06.2016
Søknads skjemaLeirvika	13.06.2016
Vurdering vedk Søknad om samproduksjon av makroalgar og laks på lokaliteten Leirvika 13699 i Masfjorden kommune	15.07.2016
Skannet på en fl	15.07.2016
Fråsegn til utviding Engesund	10.08.2016
Engesund Fiskeop	15.08.2016
Løyve til etable	15.08.2016
Kartvedlegg	15.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen har ingen merknad til att det vert gjeve løyve til produksjonen av makroalgar på lokalitet Leirvika AK 4.

Det vert vist til mottatt søknad 06.06.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til å etablere og drive anlegg for oppdrett av akvakultur av makroalgar på lokalitet 13699, Ak 4, Leirvika Masfjorden kommune. Produksjonen skal skje innafør areal som er sett av til føremål akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune kan ikkje sjå at den samla belastninga på resipienten blir ikkje endra. Det skal ikkje nyttast fôr eller gjødsel, makroalgane som skal dyrkast hentar næring frå sjøvatnet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere og drive anlegg for oppdrett av akvakultur av makroalgar på lokalitet 13699, Ak 4, Leirvika Masfjorden kommune.

Uttale

Det er kome inn ein merknad til saka. Vedlegg til saka.

Høyring

Masfjorden kommune har fått kopi vedtak frå: Fylkesmannen i Hordaland, Kystverket, Fiskarlaget vest og Fiskeridirektoratet.

Fakta

Engesund Fiskeoppdrett AS søker om løyve til produksjon av fleire artar av makroalgar; sukkertare (*Saccharina latissima*), butare (*Alaria esculenta*), stortare (*Laminaria hyperborea*), fingertare (*Laminaria digitata*), havsalat (*Ulva lactuca*) og søl (*Palmaria palmata*), på lokaliteten Leirvika i Masfjorden kommune. Produksjonen av makroalgar skal skje i samproduksjon med matfiskeoppdrett av laks. Produksjonen skal skje innafør areal som er sett av til føremål akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Vurdering

Det vert vist til mottatt søknad 06.06.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til å etablere og drive anlegg for oppdrett av akvakultur av makroalgar på lokalitet 13699, Ak 4, Leirvika Masfjorden kommune. Produksjonen skal skje innafør areal som er sett av til føremål akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune. Den samla belastninga på resipienten blir ikkje endra (naturmangfaldlova § 10). Det skal ikkje nyttast fôr eller gjødsel, makroalgane som skal dyrkast hentar næring frå sjøvatnet.

Konklusjon

Masfjorden kommune kan ikkje sjå at den samla belastninga på resipienten blir endra. Det skal ikkje nyttast fôr eller gjødsel, makroalgane som skal dyrkast hentar næring frå sjøvatnet.

Teknisk utval - 020/2016

TU - behandling:

Utvalsleiar John Torsvik og fungerande teknisk sjef orienterte og saka vart drøfta.

Masfjorden kommune ynskjer att Fylkeskommunen tar ei samla vurdering av Fensfjordbassenget med tanke på fiskeoppdrett.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen har ingen merknad til att det vert gjeve løyve til produksjonen av makroalgar på lokalitet Leirvika AK 4.

Det vert vist til mottatt søknad 06.06.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til å etablere og drive anlegg for oppdrett av akvakultur av makroalgar på lokalitet 13699, Ak 4, Leirvika Masfjorden kommune. Produksjonen skal skje innafor areal som er sett av til føremål akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune kan ikkje sjå at den samla belastninga på resipienten blir ikkje endra. Det skal ikkje nyttast fôr eller gjødsel, makroalgane som skal dyrkast hentar næring frå sjøvatnet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas	FE - 033	16/642

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2016	Teknisk utval	PS	23.08.2016

Delegerte saker

Underliggjande saker:

052/2016 Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - gbnr 19/34, Molland

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om rammeløyve for bustadhus og igangsetting av grunnarbeid, gbnr 19/34, Molland.

Søknad med vedlegg mottatt 22.04.2016 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.03.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Det må sendast inn koordinatar for tiltaket før ferdigmelding.
- Det skal gjevast ferdigattest før bustadhuset kan takast i bruk
- Skilting av bustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.

Grunngjeving:

Tiltaket er i trå med arealdelen til kommuneplanen 2012 -2024. LNFR-areal med sprettbustadbygging.

Heimel

Kommuneplan 2012-2024

Plan og bygningslova § 20-1

Adressevedtaket:

Masfjorden kommune har i dag gjort vedtak om at eigedomen dykkar gnr 19 bnr 34, skal ha

følgjande offisiell adresse:

Molland 174

Heimel:

Vedtaket er gjort i medhald av § 21 i lov av 17.juni 2005 om lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) og tilhøyrande forskrift §§ 10, 49 og 50 av 26.april 2009 om forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften).

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARsomRÅDE
SØK	Kålås son byggevarehandel as	940215897	S	1	Søkjar
PRO	Kålås son byggevarehandel as	940215897	S	1	Arkitektur prosjektering, Tømrararbeid, våtrom
PRO	SH oppmåling as	913864344	S	1	Situasjonsplan, plassering og veg
PRO	Roger Halland				Sjølvbyggjar, Grunnarbeid, Radon, betong.
UTF	SH oppmåling as	913864344	S	1	Innmåling og utstikking
UTF	Roger Halland				Sjølvbyggjar, Grunnarbeid, Radon, betong.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

053/2016 Melding om delegert vedtak - dispensasjon - oppføring av badestamp og badstue - gbnr 50/91, Stordalen

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova § 19-2 og § 20-2 og godkjenner søknad om dispensasjon, til oppføring badestamp og badstue, gbnr 50/91.

Søknad med vedlegg mottatt 05.02.2016 vert godkjent på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.12.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Det skal sendast inn ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Tilbygget vert bygt på framsida av eksisterande tiltak, utan noko større endringar av terreng og landskap. Omsøkt tiltak vert ikkje endre noko på området karakter. Tilbygget er tilpassa eksisterande terreng og vert gjømt i terrenget på alle tre kantane og taket vert dekkja med torv.

Heimel:

Plan – og bygningslova § 19-2 og 20-2

Reguleringsplan Librotet.

071/2016 Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - gbnr 38/66, Sørkvingo

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner

søknad om oppføring av bustadhus gnr 38/66, Skolten.

Søknad med vedlegg mottatt 04.07.2016, vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det må sendast inn koordinatar for tiltaket før ferdigmelding.
- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 20.05.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 28.07.2016, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
- Skilting av bustaden skal vere utført før det vert gjeve ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før bustadhuset kan takast i bruk.

Grunngjeving:

